



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Sektor samfunnsutvikling - avdeling byggesak og geodata

«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Mette Hjelmeland	996 400 64	2024/771-6	«REF»	19.04.2024


## Avslag på krav om retting - 119/1 og 119/2

**Vedtak: Kommunen gjev med dette avslag på krav om retting av grense mellom eigedomane 119/1 og 119/2, etter matrikkellovas § 26.**

**Delegert saksnummer: 2024/169**

**Rekvirert:** Saka er rekvirert 07.03.2024.

**Sak:** Svein og Vebjørn Bøyum, eigar av 119/2 sendte den 07.03.2024 inn krav om retting av feil på eigedomsgrensa mellom eigedomane 119/1 og 119/2. Dei ønskjer å rette kartet etter kart nr. 1 i JP1, saksnummer 2024/771. Sjå kartet under.



Eigar av 119/2 meina den digitale grensa er feil og at grensa skal følgja eit strekket til eit gammalt gjerde.

**Tilbakemelding frå nabo:** Kvinnherad kommune varsla nabo 119/1, den 12.03.2024, om at det var komme inn krav om retting. Kravet vart lagt med, og tilsendt nabo, eigar av 119/1. Kvinnherad kommune mottok den 05.04.2024 e-post frå eigar av 119/1 Elin Legland. Ut frå e-posten går det fram at det ikkje er semje om kvar den omtala grensa skal gå, og at dei vil sende meir detaljert skriv etter påske. Den 09.04.2024 mottok kommunen merknaden sendt pr post. Eigar av 119/1 skriv at det springande punktet er at partane ikkje har funne den omtala kross i stein ved sjøen, som forklart i dokumentet. 119/1 ønsker heller ikkje ei stykkevis og delt retting av kartet, men heller å sjå på heile grensa og ikkje berre del for del. Merknadane frå 119/1 vart sendt eigar av 119/2 den 11.04.2024.

**Kommunens vurdering:** Kommunen gjer med dette partane merksam på at det er *grensa* mellom eigedomane 119/1 og 119/2 dette vedtaket handlar om, og ikkje oppsetjing av gjerde for beite. Jmf matrikkellovas § 26 tredje ledd er hovudregelen at opplysningar om grenser berre kan endrast på grunnlag av ny oppmålingsforretning, rettskraftig avgjersle av domstolane eller avtale mellom partane når vilkåra for dette er til stades. Kommunen kan likevel føre slike opplysningar når det blir dokumentert at opplysningane er feil. Kommunen kan føre inn opplysningar om eksisterande grenser og teigar basert på opplysningar frå målebrev, jordskiftekart eller liknaden dokument som gjer greie for grensa på ein etterretteleg måte. Kommunen vurderer i dette tilfelle at vedlagt informasjon frå partane ikkje dokumenterer grensa på ein etterretteleg måte. Slik partane legg fram, vart grensa beskrive i dokument frå 1863. Kartvedlegget som høyrer til denne beskrivelsen er vankeleg å bruke som god nok dokumentasjon på å seie at grensa i dagens kart er feil. Det er vanskeleg i dette tilfellet å seie at dagens matrikkelen skyldast feil i registrering eller i vedlikehaldet av matrikkelen. Den omtala grensa var og tema då eigedomen 119/25 var frådela i 1997. Partane var og då usikker på kor denne grensa var og ingen grensemerke mellom eigedomane vart den gong funne. Partane vart i 1997 orientert om matrikkelføringa og evt. klage på dette resultatet. Slik kommunen ser det vart det ikkje den gong klaga på det førte resultatet i matrikkelen. Grensa ligg i dag inn med dårleg nøyaktigheit.

Kommunen oppmodar partane om å få klarlagt grensa gjennom ein oppmålingsforretning, gjennom jordskifteretten eller evt. gjennom avtale om grense etter matrikkellovas § 19, om vilkåra for det er til stades.

**Orientering om klage:** Vedtaket kan påklagast etter matrikkellovas § 46. Ein eventuell klage må setjast fram skriftleg innan 3 veker etter at avslaget er mottatt.

Med helsing  
KVINNHERAD KOMMUNE

Mette Hjelmeland  
*Fagkoordinator geodata*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

Mottakarar:  
Elin Legland  
Vebjørn Bøyum  
Svein Bøyum